



Basaren i full gang. Frå høgre Bente Miljeteig, Linda Eide, Anne-Grethe Sjo, Elena Eide, Gard Lunde, Elias Eide og Nora Kristoffersen

Basar-rekorden for Vonheim er no 22000 kroner og over nyttår startar ein ny etappe med opprusting av det populære lokalet. No er det innreiing av kjøken som står for tur etterat det er gjort ein imponerande dugnadsjobb med drenering rundt huset og modernisering av kjellaren.



Britt Toril Myklebust Mathiesen hadde eit godt historisk oversyn

Tidlegare styreleiar Britt Toril Myklebust Mathiesen hadde helt rett då ho under eit historisk oversyn under basaren i ettermiddag slo fast at lokalet betyr mykje for mange. Rundt 60 møtte fram til årets basar og dei slo fjorårsrekorden med 2000 kroner.



Jaran Eide trakterte gitaren

Det intime lokalet har ei eineståande historie ettersom det har vandra rundt på fleire stader og vart bygd allereie i 1849 som uthus på Indre Sandvik. Det var i 1933 det vart forsamlingshus oppe i dalen. Før var det vanleg med 3 basarar i året i Vonheim, men no er dei til inntekt for misjonen og helselaget kutta ut og den basar som er att er til inntekt for huset. Interessen for lokalet har vore klart aukande i dei seinare åra og at ein heil vegg var dekt av gevinstar i dag tala sitt tydelige språk. Der fann ein alt frå fotball til varmrøykt krydderlaks.



Emma Ripel og Celine Musland spela kornett

Som den plar vera var basaren godt organisert. Både små og store gjorde ein stor innsats for at den skulle bli vellukka - også på underhaldningsplanet. Jaran Eide spela gitar og Emma Ripel og Celine Musland spela kornett. Ei god matøkt var sjølv sagt også med i opplegget.

- Det ville ha vore tomt i kretsen utan Vonheim, sa Britt Toril som streka under at lokalet bind folket saman. Dei som no sit i styret er Anne-Grethe Sjo, Tor Olav Haugland, Linda Eide, Bente Miljeteig og Ingeborg Lunde.

Og 4. juledag møtast Vonheimfolket att!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen